Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Snillfjord

Emne: Juletre og julehalm. Bygdelag:

Oppskr. av: Ole Selnes. Gard:

(adresse): H. Langhellesveg 4. Tr.heim. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Høyrt av fleire.

SVAR

1. Ja, juletreet er no å finne i mest kvar heim.

2. Nei, det har eg ikkje funne så visst, men det vart vanleg etter ca. 1900.

3. Nei, heimane kom først.

4. Før var det skikk å hakke granbar eller bar av einer på golvet julekvelden. Den skikken heldt seg etter at juletreet kom og.

5. I dei seinare åra kan slikt papirpynt bli brukt saman med juletre.

6. Det kan variere svært mykje – frå å nå frå golv til tak i stua til ein liten kvist på bordet.

7. Det er pynta med glaskuler, sølvtrå, norske flagg o.s.b.
Det er og lys på treet.

8130

8. Barna har forrett til å pynte treet.

9.

Det kan variere etter storleiken av treet.

10.

Lysa tente ein på ymse kveldar i jula. Heime tente dei lysa når kyrkjebåten rodde framom juledagsmorgonen.

11

Ein går rundt treet og syngar julesongar og julesalmar t. d. „Jeg er så glad hver julekveld". „Her kommer dine arme små" o. s. v.

12

Det blir gjerne ståande ei veke eller to etter nyår.

13

Dei seier å „ta av" „ta tå". -

14.

Ein kjenner ikkje noko slags tru her.

15

Slikt blir aldri brukt.

16.

Nei, det er ikkje skikk her. Kornbandet vart sett opp i eit tre som stod på tunet eller i ei stong som vart reist.

8130

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Julehalm.

1. Nå lever det vel svært få som hugsar denne skikken.
Men bestefar min - Edvard Selnes - fortalte at han som gutunge låg i julehalm. Han var fødd i 1850.

2.
Det kjenner eg ikkje til, men eg trur dit helst ikkje.

3.
Kjenner ikkje til.

4.
Det var julenatta ein skulle sove i halmen. Men kvifor veit ein ikkje.

8130

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING